

Til kommunane i Region Nordhordland

Knarvik, 30. april 2014

Skjønningsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane - 2014

Viser til det vedlagte brevet frå Fylkesmannen om skjønningsmidlar til kommunane i 2014. Fylkesmannen har 23,7 mill. kr som kan nyttast til ulike prosjekt og uføresette hendingar.

Nytt av dette året er at Fylkesmannen ønskjer at Regionråda skal ha ein koordinerande rolle i samband med søknad om skjønningsmidlar. Me forstår det slik at dersom me står samla bak søknadane i regionen vil me stå sterkare med omsyn til å få gjennomslag for søknadane. Sjølv om det bare er ein kommune som står som står bak søknaden, så vil den stå sterkare dersom regionen prioriterer den.

Fylkesmannen peikar på ni område som dei vil prioritera i 2014. Me har sett opp prosjekt som regionen allereie er i gong med og som det kan vera aktuelt for regionen å prioritera innanfor dei områda Fylkesmannen har prioritert og det er:

Fylkesmannen sin prioritering av prosjekt	Prosjekt frå regionen som kan vere aktuelle å söke om midlar til
Kommunal organisering – kommunestruktur	Kommunestruktur
Plan- og byggesak: By og tettstadutvikling	
Folkehelse – samhandlingsreform	Folkehelse
Miljøvern	Biosfære
Interkommunalt brann- og beredskapssamarbeid	Førebyggingstiltak – Skog- og lyngbrann – Austrheim, Lindås og Radøy?
Barnehage og utdanning	
Elektronisk dokument utveksling (EDU)	
Kompetanseutvikling	Vinstrealisering
Andre føremål - ymse	Helsehus

Søknadsfristen til fylkesmannen er satt til 6. juni. For at vi skal kunne få en samla prioritering frå regionen må **Regionrådet i sitt møte 23. mai** utforma ein felles prioritering av prosjekt som me vil sökja om midlar til. Rådmannsutvalet vil og drøfta aktuelle prosjekt i rådmannsutvalet 8.-9. mai. Det fint om Gulen kommune vurderer om de kan sökja midlar i Sogn og fjordane.

Me ber difor om at kommunane seinast **innan måndag 19. mai** sender inn forslag til prosjekt / skisse til prosjekt. Fyll inn i den vedlagte prosjektmalen som er utarbeida av Fylkesmannen og send det til e-post: post@nordhordland.net.

Med venleg helsing

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg: [Søknadsskjema \(mal\)](#)
Skriv frå Fylkesmannen datert 22. april 2014 «Skjønningsmidlar til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane - 2014